



Korleis har bortebuande ungdom i Vestland det?

Vestlandsanalyse 2026/02

Vestlandsanalyse 2026/02 er eit kunnskapsgrunnlag utarbeida i 2025 av Vestland fylkeskommune, avdeling for næring, plan og innovasjon, seksjon for plan, klima og analyse.

Avdeling for opplæring og kompetanse og KORUS Bergen har bidratt i kvalitetssikring av rapporten.

Innhald

| | |
|--|-----------|
| Samandrag | 5 |
| Innleiing | 6 |
| Kvifor | 6 |
| Kva veit vi frå før | 6 |
| Korleis | 8 |
| Avgrensing | 10 |
| Resultat: Korleis har ungdom på hybel i Vestland det? | 11 |
| Leserettleiing | 11 |
| Bustad | 12 |
| Kjønn | 16 |
| Klassetrinn og studieretning | 17 |
| Livskvalitet | 19 |
| Familie og venner | 21 |
| Skule og framtid | 24 |
| Lokalmiljøet | 26 |
| Skjerm og sosiale medium | 30 |
| Organisert fritid, trening og fysisk aktivitet | 33 |
| Samfunnsengasjement | 36 |
| Helse og psykisk helse | 38 |
| Mobbing og trakassering | 43 |
| Rusmiddel | 46 |
| Tilbakemelding på undersøkinga | 49 |

| | |
|---|-----------|
| Kjelder | 50 |
| Tabell- og figuroversikt | 51 |
| Tabellar: | 51 |
| Figurar:..... | 51 |
| Vedlegg | 54 |
| Vedlegg 1 – Skuleoversikt med svarprosent | 55 |
| Vedlegg 2 – Skular med hybel og internat..... | 57 |

Samandrag

Ungdata viser at det store fleirtalet av ungdom har det godt. Samstundes finst det òg ein del ungdommar som gir uttrykk for at ikkje alt er like greitt.

Denne rapporten viser at dei aller fleste ungdommar på vidaregåande skule i Vestland bur heime, men ikkje alle. Samla sett bur 15 % (1 784 ungdom) på hybel eller internat i Vestland. 1 276 ungdommar (10,7 %) svarar at de bur på hybel og 508 ungdommar (4,3 %) svarar at de bur på internat.

- I faktiske tal er det kommunane Bergen (226 ungdommar) og Voss herad (178 ungdommar) som har flest ungdommar busett på hybel, og Kvam (172 ungdommar) har flest ungdommar busett på internat.
- Kommunane med største prosentdel elevar på vidaregåande skule som bur på hybel eller internat er Kvam (53 %), Gloppen (53 %) og Austevoll (49 %), her etter kjem Sogndal (36 %) og Voss herad (31 %).

Resultata viser noko skilnadar mellom dei ulike gruppene, men det er ikkje mogleg å konkludere at det forbi ungdommar bur på hybel/internat at det er skilnadar. Det kan vere andre årsaker til dømes kven som vel hybel/internat og kva miljø dei går inn i.

Ungdommar på hybel:

- skil seg på langt dei fleste spørsmåla **lite eller slett ikkje** frå ungdommar som bur heime.
- svarar noko meir negativt på enkelte av spørsmåla om livskvalitet samt fysiske og psykiske helseplager.
- har i mindre grad trua på at dei vil ta utdanning på universitet eller høgskule.
- har noko meir skjermtid og er noko meir saman med venner.
- opplever i litt større grad seksuell trakassering.
- drikk i litt større grad alkohol jamleg eller kvar veke, og snuser og røyker litt meir.
- bruker i litt større grad helsestasjon for ungdom og helsesjukepleiar på skulen.

Ungdom på internat:

- om lag 65 % av dei går på ein kristen skule.
- skil seg markant ut når det gjeld deltaking i aktivitetar i ein religiøs foreining. Heile 59 % har 1 gong eller fleire deltatt på dette i løpet av «den siste månad».
- svarar i større grad positivt på spørsmål om livskvalitet samt fysiske og psykiske helseplager.
- opplever i større grad at lærarane bryr seg om ein.
- opplever i større grad tilbod av lokale for å treffe andre unge på fritida som bra.
- er mindre på skjerm og er meir i lag med venner og aktiv i organisasjonar, klubbar, lag og foreiningar.
- blir i større grad utsette for hatefulle eller truande kommentarar retta mot den religionen de tilhøyrar. 16 % opplever det av og til eller oftare.
- drikk i mindre grad alkohol. Heile 63 % har aldri eller berre smakt nokon få gongar på alkohol.

Innleiing

Vestlandsanalyse 2026/02 er eit kunnskapsgrunnlag som nyttar Ungdata-undersøkinga frå 2024 for å skildre korleis ungdommar i Vestland på hybel og internat har det samanlikna med ungdommar som bur heime.

Kvifor

I Vestland flyttar fleire ungdommar heimanfrå når de startar på vidaregåande skule. Årsaka til å flytte varierer, nokon elevar flytter fordi de ønsker å bu på hybel. Andre elevar flytter grunna skulestrukturen i Vestland, der til dømes spesifikke linjer berre eksisterer på ein skule i fylket eller at det ikkje er ein vidaregåande skule tett på der ein bur.

Det er ulike syn om korleis ungdomslivet på hybel er og det kjem jamleg spørsmål frå media og politikarar til dette temaet. Dette kunnskapsgrunnlaget er utarbeidd for å bidra til diskusjonen av nokokre av desse spørsmåla.

Kva veit vi frå før

Det finst lite forskning på korleis det går med ungdommar som flytter på hybel i forbindelse med skulegang¹, men litt veit vi.

- I 2017 kom Nord Universitet med ei undersøking som viste at hybelopphaldet var ei tøff psykisk utfordring for mange, samstundes som mange av opplevingane gjev grunnlag for personleg vekst og utvikling. Undersøkinga avdekkja at helsesøstrer og anna personell ved vidaregåande skular har ei svært viktig oppgåve i å bidra til at hybelbuarar får ein sunn og vekstgivande overgang til vaksenlivet.²
- Nordland fylkeskommune gjennomførte i 2022 ei spørjeundersøking blant elevar i Nordland, der resultatet tydde på at bortebuande elevar i Nordland i det store og heile klarar seg godt på skulen, og at dei i liten grad skil seg frå heimebuande elevar når det gjeld trivsel, meistring og deltaking på skulen.³

¹ Uttal til NRK 19. okt. 2024 frå professor i pedagogikk Thomas Nordahl ved Høgskulen i Innlandet:

https://www.nrk.no/innlandet/forsker-om-skoledebatten_-_gar-relativt-bra-med-de-som-bor-pa-hybel-1.17089876

² <https://utdanningsforskning.no/artikler/2017/helsesosteren---en-nokkelperson-for-hybelboere/>

³ Saksframlegg frå Innlandet fylkeskommune «Ny skule- og tilbodsstruktur – kunnskapsgrunnlag, kriteria og politisk prosess» frå 29.01.2024: saksframlegg-hovetutv-7feb24.pdf

- Innlandet fylkeskommune gjennomførte i 2023 ein analyse som viser at hybelbuarane i skuleskuleåret 2022/23 i Innlandet og Møre og Romsdal jamt øve har høgare grad av fullført og bestått enn elevane som ikkje bur på hybel, og hybelbuarane ligg og høgare enn den forventa indikatoren. Dette gjeld sjølv for elevar som ikkje fekk førsteønsket sitt oppfylt.⁴
- Vestland fylkeskommune gjennomførte i 2024 ei undersøking hjå fire ulike skular med ein del hybelbuarar (Austevoll vgs., Voss vgs., Eid vgs. og Firda vgs.). Resultata viser at hybelbuarane i skuleåret 2022/23 fullfører og består vidaregåande opplæring i like stor grad som dei som bur heime. For tre av dei fire skulane fullfører hybelbuarane over det som er forventa ut frå nasjonalt snitt for tilsvarende elevgrupper gitt same grunnskulepoeng, trinn og utdanningsprogram. Samla sett sluttar 2-3 % av elevane, men i skuleåret 2022/23 var det ingen av hybelbuarane som slutta.⁵
- I skuleskuleåret 2025/26 er det registeret 1 649 hybelbuarar (8,5 %) på fylkeskommunale vidaregåande skular i skuleadministrativt system (VIS) i Vestland. Dette antalet har vore relativt stabilt dei siste åra. Det har historisk ikkje vore systematisk datainnsamling på antal hybelbuarar i Vestland, men frå skuleåret 2022/23 er det oppretta ei rutine for registrering av hybelbuarar i VIS med omsyn til beredskap og oppfølging. Det manglar ein nasjonal standard for registrering av hybelbuarar, og det er ulikt i kva grad skulane registrerer t.d. elevar i fengsel eller på institusjon som hybelbuarar.⁶

| Elevtal i fylkeskommunale vidaregåane skular | | | | | | |
|--|---------|---------|---------|----------|---------|---------|
| | 2020/21 | 2021/22 | 2022/23 | 2023/24* | 2024/25 | 2025/26 |
| Hybelbuarar | 1638 | 1867 | 1637 | 1136 | 1659 | 1649 |
| Totalt elevtal | 19545 | 18960 | 18624 | 18587 | 18705 | 19356 |
| Prosent hybelbuarar | 8,4 % | 9,8 % | 8,8 % | 6,1 % | 8,9 % | 8,5 % |

* manglar antal frå nokon skular.

- I 2024 vart det gjennomført ei intern undersøking blant vidaregåande skular i Vestland, der 35 av 42 skular svarte. Undersøkinga tok mellom anna for seg hybelbuarar, og viser at skulane i Vestland har både faglege og sosiale tiltak for å fremme helse, inkludering, trivsel og læring. Det er tiltak for å gi ekstra oppfølging til hybelbuarar og for å bidra til eit godt sosialt miljø for alle elevar på skulen. Tiltaka er til dømes leksehjelp, eigne samlingar for hybelbuarar, hybelbesøk, hybelmiddag, open skule/idrettshall, sportslege aktivitetar, felles frukost for alle, med meir.

⁴ Saksframlegg frå Innlandet fylkeskommune «Ny skule- og tilbodsstruktur – kunnskapsgrunnlag, kriteria og politisk prosess» frå 29.01.2024: [saksframlegg-hovetutv-7feb24.pdf](#)

⁵ SI 32/2024 Møte i hovudutvalet for opplæring og kompetanse den 22. mai 2024: [Utvalgsmøte](#)

⁶ SI 32/2024 Møte i hovudutvalet for opplæring og kompetanse den 22. mai 2024: [Utvalgsmøte](#)

Korleis

Kunnskapsgrunnlaget er utarbeidd med utgangspunkt i resultatata frå Ungdata-undersøkinga i vidaregåande skule i Vestland 2024. På bestilling frå Vestland fylkeskommune har Rambøll levert ein spesialrapport som presenterer resultat fordelt på eigenrapportert bustad. Utvalde resultat frå spesialrapporten er testa for statistisk signifikans⁷ og presentert i kunnskapsgrunnlaget.

Rapporten er laga etter same mal som rapporten «Vestlandsanalyse 2024/02 Korleis har skeiv ungdom i Vestland det?»

Kunnskapsgrunnlaget viser skilnadar mellom ungdommar som bur på hybel og ungdommar som bur heime, og skilnadar mellom ungdommar som bur på hybel og ungdommar som bur på internat.

Det er viktig å presisere at undersøkinga ikkje seier noko om årsakssamanhengar.

I denne rapporten har vi nytta «tiar-regelen» i Ungdata sine publiseringsregler. Minst 10 deltakarar må ha svart på eit gitt spørsmål for at resultatata for dette spørsmålet skal publiserast. For å vise resultatata for ulike grupper, må minst 10 ha svart på spørsmålet for begge gruppene. I enkelte presentasjonar har vi i tillegg anonymisert verdiar der under 20 har svart⁸.

Kva betyr statistisk signifikans?

Statistisk signifikans betyr at de skilnadane vi observerer i data mest sannsynleg ikkje er resultat av tilfeldige variasjonar eller flaks.

Dersom vi skriv at skilnadar mellom to grupper er signifikant, betyr dette at det er mindre enn 5% sannsynleg at observasjonane kjem av tilfeldigheter (ved signifikant test på 5 prosentnivå).

Ungdata i Vestland 2024

Det er 13 203 elevar i vidaregåande skule i Vestland som har svart på Ungdata-undersøkinga i 2024. Det var ein samla svarprosent for vidaregåande skule i Vestland på 69 %.⁹

Totalt deltok 42¹⁰ fylkeskommunale vidaregåande skular og fem private vidaregåande skular. Samla sett var 19 284 ungdommar i vidaregåande skule invitert til å delta i undersøkinga, her av 5 % (958 elevar) på ein privat vidaregåande skule. Sjå vedlegg 1 for oversikt over kva skular som har deltatt i undersøkinga og svarprosent per skule.

⁷ Vi har nytta berekningsverktøyet Zigne til å teste for statistisk signifikans og berekne usikkerheitsintervall i og mellom grupper. Vi har nytta 5 prosentnivå, klyngeutval, tosidig test og vis signifikanstekst. (Zigne, Aardal & Berglund, 2021, <https://aardal.info/zigne-hva-er-signifikanstesting/>)

⁸ <https://www.ungdata.no/publiseringsregler/>

⁹ Nøkkeltalrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen

¹⁰ Sogn jord- og hagebruksskule i Aurland kommune deltok ikkje i Ungdata-undersøkinga. Skulen har mange elevar over 20 år, og elevar som er 20 år eller eldre må ikkje delta i Ungdata.

Kva er Ungdata?

Ungdata er lokale barne- og ungdomsundersøkingar der skuleelevar over heile landet svarar på spørsmål om korleis dei har det, og kva dei driv med på fritida. Ungdata-undersøkinga omfattar spørsmål om foreldre, vennar, skule, lokalmiljø, fritidsaktivitetar, helse og trivsel. På ungdomstrinnet og i vidaregåande skule er det òg med spørsmål om rusmiddelbruk, seksualitet, risikoåtferd og vald¹¹.

Ungdata-undersøkinga er gjennomført av Velferdsforskningsinstituttet NOVA ved OsloMet i samarbeid med dei regionale kompetansesentera for rusfeltet (KoRus). Ungdata er finansiert over statsbudsjettet gjennom tilskot frå Helsedirektoratet.

Hovudresultata frå undersøkinga er presentert i nøkkeltalrapportar utarbeida av Ungdatasenteret v/ Velferdsforskningsinstituttet NOVA, OsloMet Storbyuniversitet, i samarbeid med KoRus Vest Bergen. Nøkkeltalrapportane for Vestland er tilgjengeleg på fylkeskommune sin nettside .

Undersøkinga i Vestland er eit samarbeid mellom NOVA ved OsloMet, KoRus Vest Bergen, Vestland fylkeskommune og kommunane i fylket.

Vestland fylkeskommune er ansvarleg for analysar eller fortolkingar av resultatata i dette kunnskapsgrunnlaget.

Spørsmål om hybel/internat i Ungdata

Ifølge ordboka er ein *hybel* «ein eittroms bustad (som del av eit større husvære eller bygg)» og eit *internat* er «ein elevheim, ein bygning der skuleelevar har kost og losji»¹².

I undersøkinga er ungdommen spurt «*Bur du på hybel/internat?*». Det er tre svaralternativ «*Ja, eg bur på hybel*», «*Ja, eg bur på internat*» og «*Nei*». Ungdommar som har svart «*Nei*» har vi i denne rapport definert som «*heimebuar*».

Korleis ungdom har tolka spørsmålet veit vi ikkje, og vi må vere merksam på at kategorisering er basert på eigenrapportert bustad. Som omtalt tidlegare finnes det ingen nasjonal definisjon for hybelbuar, og det er uvisst korleis elevar som til døme bur institusjon svarar på spørsmåla.

¹¹ www.ungdata.no

¹² ordbokene.no

Avgrensing

I denne rapporten er det ikkje undersøkt om det er skilnadar mellom gutar og jenter som bur på hybel/internat, eller om det er skilnadar mellom vg1-, vg2- og vg3-elevar som bur på hybel/internat. Tidlegare rapportar har sett på skilnadar mellom kjønn og klasstrinn, og vi veit difor at det på ein lang rekke variablar er ulikt korleis gutar og jenter svarar på spørsmåla, i tillegg er det og fleire skilnadar mellom ungdom på dei ulike klasstrinna. Det er opplagt at det og vil vere skilnadar mellom kjønn og klasstrinn for ungdom som bur på hybel/internat.

Ungdata stiller ikkje spørsmål til ungdom om årsak til å flytte på hybel, og det er på bakgrunn av datasetta ikkje mogleg å undersøke om det er skilnadar mellom elevar som må flytte og elevar som vil flytte. Det er opplagt at årsaka til å flytte på hybel kan medverke til korleis ungdom svare på ei rekke spørsmål i undersøkinga. Til dømes kan ein tenke seg at det er skilnadar mellom engasjerte og ressurssterke ungdommar som flytter for å gå på den linja dei brenn for, og ungdommar som må flytte da det ikkje er eit vidaregåande tilbod der de bur, og ungdom som flytter da dei ønsker meir friheit.

I denne rapporten er det ikkje undersøkt for årsakssamanhengar. Resultata beskriv berre skilnadar i korleis ungdommar som bur på hybel/internat og ungdommar som bur heime svarar på dei ulike spørsmåla. Det er altså ikkje mogleg å konkludere om at det fordi ungdommar bur på hybel/internat at det er skilnadar. Det kan vere andre årsaker til dømes kven som vel hybel/internat og kva miljø dei går inn i.

Resultat: Korleis har ungdom på hybel i Vestland det?

I det følgande blir utvalde resultat frå Ungdata-undersøkinga 2024 for vidaregåande skule i Vestland synt fram. Resultata er presentert for ungdommar som bur på hybel, på internat og heime.

Resultata er delt inn i ulike tema:

- Bustad
- Kjønn
- Klassesitrinn og studieretning
- Livskvalitet
- Familie og vennar
- Skule og framtid
- Lokalmiljø
- Skjerm og sosiale medium
- Organisert fritid, trening og fysisk aktivitet
- Samfunnsengasjement
- Helse og psykisk helse
- Mobbing og trakassering
- Rusmiddel
- Tilbakemelding på undersøkinga

Leserettleiing

I rapporten blir det presentert kor mange prosent av ungdommar som bur på hybel, på internat og heime som har svart ulike svaralternativ. Som neste avsnitt vil syne fram, er størrelsen på dei tre gruppene veldig varierende. Det betyr at sjølv om prosenten er høy, kan det fortsatt vere eit lite antal ungdommar det gjeld.

Bustad

Dei aller fleste ungdommar på vidaregåande skule i Vestland bur heime, men ikkje alle. Samla sett har 15 % (1 784) svara at dei bur på hybel eller internat.

1 276 ungdommar (10,7 %) svarar at dei bur på hybel og 508 ungdommar (4,3 %) svarer at dei bur på internat.

Tabell 1: Fordeling av svar på spørsmålet «Bur du på hybel/internat».

| | Bur på hybel/internat Prosent av alle som har svart på undersøkinga | Bur på hybel/internat Prosent av alle som har svart på spørsmåla |
|------------------------------|---|--|
| Hybel | 9,7 % (1 276) | 10,7 % (1 276) |
| Internat | 3,8 % (508) | 4,3 % (508) |
| Hybel/internat | 13,5 % (1 784) | 15 % (1 784) |
| Heimebuar | 76,5 % (10 102) | 85,0 % (10 102) |
| Ikkje svart på spørsmålet | 10 % (1 317) | |
| I alt | 100,0 % (13 203) | 100,0 % (11 886) |

Data viser at stort sett alle kommunar med vidaregåande skule i Vestland har ungdom som svarar at dei bur på hybel eller internat. Figur 1 viser at kommunane med største prosentdel elevar på vidaregåande skule som bur på hybel eller internat er Kvam (53 %), Gloppen (53 %) og Austevoll (49 %), deretter kjem Sogndal (36 %) og Voss herad (31 %). Stad, Bjørnefjorden, Kinn, Sunnfjord, Fjaler og Stryn har mellom 15 % og 24 % som bur på hybel/internat. Dei resterande kommunane med vidaregåande skule har under 20 ungdommar på hybel/internat, og inngår difor ikkje i denne oversikta.

Figur 2 viser at i faktiske tal er det Bergen kommune (226) og Voss herad (178) som har flest ungdommar busett på hybel. Kvam kommune har flest ungdommar busett på internat (172).


Stort sett alle vidaregåande skule i Vestland har ungdom som svarar at dei bur på hybel eller internat, men det er nokon skuler som har mange fleire ungdommar som bur på hybel eller internat enn andre skuler.

Om lag 50 % av alle som svarar at dei bur på hybel går på ein av sju skular (Førde vidaregåande skule, Sogndal vidaregåande skule, Voss gymnas, Firda vidaregåande skule, Voss vidaregåande skule, Måløy vidaregåande skule eller Austevoll vidaregåande skule).


Sjå vedlegg 2 for skildring av dei største hybel- og internatskulane i fylket.

Data viser at 98 % av ungdommane som bur på hybel har heimkommune i Vestland. 75 % av ungdommane som bur på internat har heimkommune i Vestland, resten kjem frå kommunar spreidd over heile landet.

Figur 1: Fordeling av svar på spørsmålet «Bur du på hybel/internat» fordelt på kommunenivå. Prosent av alle som har svart på undersøkinga. *Kommunar med under 20 ungdom som bur på hybel/internat inngår ikkje i denne oversikta.



Figur 2: Fordeling mellom antal hybelbuar og antal busett på internat i dei seks kommunar med flest busett på hybel/internat. For dei resterande kommunane visast samla antal for ungdom som bur på hybel eller internat. *Kommunar med under 20 ungdom som bur på hybel/internat inngår ikkje i denne oversikta.



Kjønn

Tabell 2 viser at delen som bur på hybel/internat er lik mellom kjønn. Tabell 3 viser at det totalt sett er det fleire jenter (53 %) enn gutar (47 %) som bur på hybel eller internat, men denne fordelinga samsvarar med at det er fleire jenter enn gutar som har deltatt i undersøkinga.

Tabell 2: Fordeling av svar på spørsmålet «Bur du på hybel/internat» fordelt på kjønn. Prosent av alle som har svart på spørsmål om kjønn og om de bur på hybel/internat.

| | Gut | Jente |
|----------------|-----------------|------------------|
| Hybel | 11 % (586) | 11 % (672) |
| Internat | 4 % (230) | 4 % (263) |
| Hybel/internat | 15 % (816) | 15 % (935) |
| Heimebuar | 85 % (4 688) | 85 % (5 268) |
| I alt | 100% (5 504) | 100 % (6 203) |

Tabell 3: Fordeling av kjønn forfordelt på svar på spørsmålet «Bur du på hybel/internat». Prosent av alle som har svart på spørsmål om kjønn og om dei bur på hybel/internat.

| | Gut | Jente | Begge kjønn |
|--------------|-----------------|-----------------|-------------------|
| Hybel | 47 % (586) | 53 % (672) | 100 % (1 258) |
| Internat | 47 % (230) | 53 % (263) | 100 % (493) |
| Heimebuar | 47 % (4 688) | 53 % (5 268) | 100 % (9 956) |
| I alt | 47 % (5 504) | 53 % (6 203) | 100 % (11 707) |

Klassetrinn og studieretning

Tabell 4 viser at delen som bur på hybel er litt større på vg2 (13 %) og vg3 (11 %) enn på vg1 (9 %). Det er om lag lik del (4-5 %) som bur på internat på alle tre klassetrinn.

Tabell 5 viser at det er litt ulikt kor mange vg1-, vg2- og vg3-elevar som bur på hybel eller internat.

Tabell 4: Fordeling av svar på spørsmålet «Bur du på hybel/internat» fordelt på klassetrinn. Prosent av alle som har svart på spørsmål om klassetrinn og om dei bur på hybel/internat.

| | Vg1 | Vg2 | Vg3 | Samla |
|----------------|----------------------------|-------------------------|--------------------------|-----------------------------|
| Hybel | 9 % (447) | 13 % (522) | 11 % (303) | 10,7 % (1 276) |
| Internat | 4 % (193) | 4 % (182) | 5 % (130) | 4,3 % (508) |
| Hybel/internat | 13 % (640) | 17 % (704) | 16 % (433) | 15 % (1 784) |
| Heimebuar | 87 % (4 305) | 83 % (3 458) | 84 % (2 315) | 85,0 % (10 102) |
| I alt | 100,0 % (4 945) | 100% (4 162) | 100 % (2 748) | 100,0 % (11 886) |


Tabell 5: Fordeling av klassetrinn fordelt på spørsmålet «Bur du på hybel/internat». Prosent av alle som har svart på spørsmål om klassetrinn og om dei bur på hybel/internat.

| | Vg1 | Vg2 | Vg3 | Samla |
|--------------|-------------------------|-------------------------|-------------------------|---------------------------|
| Hybel | 35 % (447) | 41 % (522) | 24 % (303) | 100 % (1 272) |
| Internat | 38 % (193) | 36 % (182) | 26 % (130) | 100 % (505) |
| Heimebuar | 43 % (4 305) | 34 % (3 458) | 23 % (2 315) | 100 % (10 078) |
| Samla | 42 % (4 945) | 35 % (4 162) | 23 % (2 748) | 100 % (11 855) |


Figur 3 viser at det er flest ungdommar som bur på hybel som går på «studiespesialisering», «naturbruk» og «handverk, design og produktutvikling», og flest ungdommar som bur på internat som går på «studiespesialisering», «idrettsfag» og «musikk, dans og drama».

Figur 4 viser at studieretninga «musikk, dans og drama» og «naturbruk» har størst prosentdel ungdom som bur på hybel/internat.

Figur 3: Antal ungdom som bur på hybel og internat i Vestland fordelt på studieretning. Verdi under 10 er anonymisert.



Figur 4: Fordeling av ungdom etter studieretning og bustad. Verdi under 10 er anonymisert.



Livskvalitet


Livskvalitet handlar om det som gjer livet godt å leve og har både materielle og subjektive sider. Livskvalitet kan målast på ulike måtar. I Ungdata får ungdommane eit heilt generelt spørsmål om kor tilfredse dei er med det livet dei lever. Ungdommane får òg spørsmål om positive tankar og kjensler¹³.

Ungdata viser at det store fleirtalet av ungdom har det godt. Samstundes finst det òg ein del ungdommar som gir uttrykk for at ikkje alt er like greitt.

Figur 5 viser at det er ikkje signifikant skilnadar mellom ungdommar som bur på hybel og ungdommar som bur heime på ein rekke spørsmål om korleis ein har hatt det den siste veka.

Signifikant fleire ungdommar på internat har vore glad, vært engasjert og optimistisk om framtida enn ungdom på hybel, men det var ingen signifikante skilnadar mellom ungdommar på internat og ungdommar på hybel når det gjeld å ha masse energi, føle at ein er nyttig og at ein meistrar ting.


Figur 5: Tenk på korleis du har hatt det siste veka, kvar ofte har du... (Prosentandel som har svart «heile tida» eller «ofte»).



¹³ Nøkkeltalrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen

Figur 6 syner at det er litt fleire ungdommar som bur heime (84 %) og ungdommar på internat (84 %) enn ungdommar på hybel (79 %) som svarar at dei er tilfreds med livet (signifikant).


Figur 6: Tenk deg ein skala som går 0 til 10. Toppen av skalaen (10) står for det best moglege livet for deg og nedst (0) er det verst mogleg livet for deg. Generelt sett, kor står du på denne skalaen no for tida? (Prosentdel som har svart svaralternativ «6» eller høgare).



Figur 7 viser at det er litt fleire ungdommar som bur heime (91 %) enn ungdommar på hybel (88 %) som svarar at «Livet er mitt er bra» og «Eg har alt eg ønsker meg i livet» (signifikant). På spørsmålet om å like seg sjølv slik ein er, er det ikkje signifikant skilnad mellom ungdommar som bur heime og ungdommar som bur på hybel.

Signifikant fleire ungdommar på internat enn ungdommar på hybel svarar at livet er bra, at dei har alt dei ønsker i livet og at dei likar seg sjølv slik dei er.

Figur 7: Er du samd eller usamd i det som står under? (Prosentdel som har svart «heilt samd» eller «litt samd»).



Familie og venner

Ein stor del av barndommen og ungdomstida går føre seg i barnehage, skule og ulike fritidsordningar, likevel er foreldra og dei næraste føresette framleis dei viktigaste omsorgspersonane i oppveksten. Studiar tyder på at foreldra har mykje å si for dei unge sine utdanningsval og fritidsinteresser¹⁴.

For dei fleste er venner på same alder ei kjelde til glede, støtte, samhøyr og stadfesting. Nokre trivst godt med éin eller to venner, og andre er opptekne av å ha ein stor vennegjeng. Venner er viktige for utviklinga av sjølvbilete og sosial kompetanse. Å ha venner er viktig fordi det gir ei oppleving av å vere godteken. Kva venner ein har markerer tilhøyrse og sier òg noko om kven ein er¹⁵.

Dei fleste ungdommar har eit tillitsfullt og nært forhold til foreldra sine¹⁶. Ungdata viser at svært mange ungdommar opplev at foreldra har god oversikt over kva dei gjer i fritida og kven dei er saman med. Ikkje overraskande er det signifikant skilnad mellom ungdommar som bur heime og ungdommar på hybel og internat. 84 % av ungdommar på hybel og 87 % på internat opplever at foreldra har god oversikt over kva dei gjer i fritida, mot 96 % for ungdommar som bur heime. 79 % av ungdom på hybel og 77 % på internat opplev at foreldra kjenner dei fleste venner dei er saman med, mot 89 % for ungdommar som bur heime. Dei små skilnadane mellom ungdom på hybel og internat er ikkje signifikante (Figur 8).


Resultata viser heller ingen signifikant skilnad mellom ungdommar som bur heime og ungdommar på hybel og internat når det gjeld å halde mesteparten av fritida si skjult for foreldre og om dei liker å vere saman med dei.

¹⁴ Nøkkeltalrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen

¹⁵ Nøkkeltalrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen


¹⁶ Nøkkeltalrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen

Figur 8: Kor godt passar det som står under for foreldra dine eller føresette? (Prosentdel som har svart «passar svært godt» eller «passar ganske godt»).




63 % av alle ungdommar i vidaregåande skule i Vestland har helt sikkert minst éin venn som dei kan stola fullstendig på og kan fortru seg til om alt mogleg, og det er ingen signifikant skilnad mellom ungdommar som bur heime, på hybel eller internat. (Figur 9).

Figur 9: Har du minst éin venn som du kan stol fullstendig på og kan fortru deg til om alt mogleg?



Generelt har ungdommar nokon å vere saman med på fritida (93 % samla) og i friminutta på skulen (95 % samla). Delen er signifikant litt høgare for ungdommar som bur heime (94 % - 96 %) enn ungdommar på hybel (91 % - 94 %). Det er og signifikant litt fleire ungdommar på internat enn ungdommar på hybel som har nokon å vere saman med på fritida. (Figur 10).

Figur 10: Har du nokon å vere saman med på fritida og i friminutta? (Prosentdel som har svart «ja, alltid» eller «ja, som regel»).



Skule og framtid


Skulen er ikkje berre ein stad for læring, men òg ein viktig arena for sosialt samvær¹⁷.

Ungdata viser at dei fleste trivst på skulen (87 % samla). Det er signifikant litt fleire ungdommar som bur heime som trivst på skulen (87 %) enn ungdommar på hybel (84 %), og det er signifikant litt fleire ungdommar på internat som trivst på skulen (90 %) enn ungdommar på hybel. (Figur 11).

Det er ikkje signifikant skilnad mellom ungdommar som bur heime og ungdommar på hybel når det gjeld om lærarane bryr seg, om ein passar inn, om ein kjedar seg på skulen, om ein gruer seg til å gå på skule, eller om ein føler seg stressa av skulearbeid, figur 11 og 12.


Det er signifikant fleire ungdommar på internat enn ungdommar som bur heime og på hybel som opplev at lærarane bryr seg. I tillegg er det signifikant litt mindre ungdommar på internat som kjedar seg på skulen enn ungdommar som bur heime, figur 11.

Figur 11: Er du samd eller usamd i følgande utsegn om korleis du har det på skulen? (Prosentdel som har svart «heilt samd» eller «litt samd»).



¹⁷ Nøkkeltalrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen

Figur 12: Eg blir stressa av skulearbeid (Prosentdel som har svart "ofte" eller "svært ofte"). Ikkje signifikant.




Ungdata viser at 95 % trur at dei vil fullføre vidaregåande skule. Figur 13 viser at det er signifikant litt fleire ungdommar som bur heime (95 %) enn ungdommar på hybel (93 %) og internat (93 %) som trur at dei vil fullføre vidaregåande skule.

Det er signifikant fleire som bur heime (62 %) og på internat (65 %) enn ungdommar som bur på hybel (50 %) som trur at dei kjem til å ta universitets- eller høgskuleutdanning. Fram til 2015 var det ein nasjonal trend i retning av at stadig fleire unge trudde at dei ville komme til å ta høgare utdanning. Tala for dei siste åra tyder på at denne trenden er broten eller har flata ut blant elevane i vidaregåande opplæring¹⁸.

Når vi ser på ungdommen sin tru på å få eit lykkeleg liv og tru på å bli arbeidsledig er det ikkje signifikant skilnad mellom ungdommar som bur heime og ungdommar på hybel. Men det er signifikant litt fleire ungdom på internat som trur på å få eit lykkeleg liv. (Figur 13)

Figur 13: Korleis trur du at framtida din vil bli? Trur du at du ... (Prosentdel som har svart "ja").



¹⁸ Nøkkeltalrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen


Lokalmiljøet

Ulike lokalmiljø kan gi ulike moglegheiter til å utfalde seg og ha sosialt samvær. Tilbodet av organisasjonar, fritids- og kulturtilbod påverkar korleis kvar einiskild kan skape identitet og tilhøyrslø i eit lokalmiljø. Det same gjeld tilgangen på opne møteplassar, rekreasjonsområde og urørt natur. Opplevinga av lokalmiljøet vil òg vere prega av utsiktene til utdanning, arbeid og familieetablering i framtida. Trygge og sunne lokalmiljø er særleg viktige for velferda til barn og unge, sidan dei som regel bruker lokalmiljøet i større grad og på ein annan måte enn foreldra og andre vaksne¹⁹.

OBS: I Ungdata-spørjeskjemaet er det ikkje spesifisert for ungdommar som bur på hybel og internat om de skal svare på spørsmåla om lokal- og nærmiljø ut frå heimkommunen sin eller kommunen der skulen er. Denne usikkerheita gjer det vanskeleg å tolke spørsmåla i dette kapittelet.

Ungdata viser at ungdommar flest i Vestland er ganske eller særst godt nøgde med lokalmiljøet sitt (66 % samla). Men det finst òg ein del som ikkje er så godt nøgde. Det er ikkje signifikant skilnad i kor mange ungdom som bur heime, på hybel eller internat som nøgde med lokalmiljøet sitt. (Figur 14).


Figur 14: Kor fornøgd eller misfornøgd er du med ulike sider ved livet ditt? (Prosentdel som har svart "litt fornøgd" eller "svært fornøgd").



¹⁹ Nøkkeltalrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen


Figur 15 syner at det ikkje er signifikant skilnad i kor mange som trivst i nærområdet der ein bur mellom ungdommar som bur heime, på hybel eller internat.

Figur 15: Kor godt trivst du i nærområdet der du bur?



På spørsmålet om i kva grad ein kjenner at ein høyrer til på staden ein bur, svarar signifikant fleire (85 %) av ungdommar som bur heime at dei høyrer til, i samanlikning til ungdommar på hybel (79 %) og på internat (80 %). (Figur 16).

Figur 16: I kva grad kjenner du at du høyrer til på staden der du bur? (Prosentdel som har svart svaralternativ «6» eller høgare).




Kva ungdommen er nøgd og misnøgd med, varierer mykje frå kommune til kommune. Dette viser at kommunane kan gjere mykje for å leggje til rette for at ungdommar skal trivast. Samla for Vestland er ungdommar mest nøgde med idrettsanlegg (69 % synes tilbodet er bra). Her er det ingen skilnad mellom ungdommane på hybel og heime, men det er signifikant fleire ungdommar på internat (74 %) som synes tilbodet er bra.

Når det gjeld lokale der ein kan treffe andre unge på fritida er det signifikant fleire ungdommar på internat enn ungdommar som bur heime og på hybel som synes tilbodet er bra. I tillegg er det signifikant litt fleire ungdommar på hybel enn ungdommar som bur heime som synes tilbodet er bra.

Når det gjeld kulturtilbodet (kino, konsertscener, bibliotek eller likande) er det signifikant litt fleire ungdommar hybel som synes tilbodet er bra. Ingen signifikante skilnadarar for ungdommar på internat.


På spørsmålet om kollektivtilbodet svarar 50 % av ungdommar som bur heime at det er bra, i samanlikning til 39 % blant ungdommar som bur på hybel og 42 % på internat (signifikant). Det er ikkje signifikant skilnadar mellom ungdommar på hybel og internat for spørsmål om kollektivtilbodet.

Figur 17: Tenk på områda rundt der du bur. Korleis opplever du at tilbodet til ungdom er når det gjeld ... (Prosentdel som har svart "svært bra" eller "nokså bra").




Når det gjeld å oppleve nærområdet der ein bur som trygt å vere i når ein er ute om kvelden, er det ikkje signifikant skilnad mellom ungdommar som bur på hybel, internat eller heime. (Figur 18).

Figur 18: Når du er ute om kvelden, opplever du det som trygt å vere i nærområdet der du bur?



Rundt halvparten av ungdom (44 % samla) i Vestland kan tenke seg å bu i kommunen sin når dei blir vaksen. Det er ikkje signifikant skilnad mellom ungdommar som bur på hybel og heime, men det er signifikant mindre ungdommar på internat som kan tenke seg å bu i kommunen sin når dei blir vaksen.

Figur 19: Kan du tenke deg å bu i kommunen din når du blir vaksen? (Prosentdel som har svart "Ja").



Skjerm og sosiale medium

Ungdata viser at digitale medium i dag spelar ei sentral rolle i ungdommen sitt kvardagsliv, både for skulearbeid og det sosiale livet. Skjerm og sosiale medium er ein viktig sosial arena for ungdom. Sjølv om mange bruker mykje av fritida si på digitale skjermaktivitetar, er det òg stor variasjon mellom ungdommar. Nokre få bruker mindre enn éin time kvar dag framfor ein skjerm, medan tre av fire bruker meir enn tre timar. Prosentdelen unge som bruker minst tre timar framfor ein skjerm har gått opp sidan 2015. Auken heng saman med at stadig fleire bruker mykje tid på sosiale medium. Sosiale medium har gitt ungdom ein ny arena å vere saman på. Ungdommane deler informasjon og opplysningar om liva sine, kva dei gjer og kven dei er saman med, på ein annan måte enn foreldra deira gjorde. Dette har endra vilkåra for og forma på samvær med venner²⁰.


Ungdata viser at det er skilnader i ungdommane sine skjermaktivitetar. Sosiale medium er den absolutt mest populære skjermaktivitet, heile 59 % av vidaregåande skuleelevar i Vestland bruker i gjennomsnitt sosiale medium 2 timer eller meir kvar dag. Det er ingen skilnadar i bruk av sosiale medium blant ungdommar som bur heime og ungdommar på hybel, men det er signifikant mindre ungdommar på internat som bruker sosiale medium 2 timer eller meir kvar dag.

Det er flest ungdommar på hybel som ser på TV (11 %) og filmar/seriar/YouTube (33 %) 2 timer eller meir kvar dag. Dernest kjem ungdommar som bur heime. Det er minst ungdommar på internat som ser på TV (5 %) og filmar/seriar/YouTube (18 %) 2 timer eller meir kvar dag.

Det er flest ungdommar som bur heime (20 %) som bruker 2 timer eller meir kvar dag på dataspel/TV-spel. Dernest kjem ungdom på hybel (17 %). Det er minst ungdom på internat (11 %) som bruker 2 timer eller meir kvar dag på dataspel/TV-spel. (Figur 20).


²⁰ Nøkkeltalsrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen

Figur 20: Tenk på ein gjennomsnittsdag. Kor lang tid bruker du på følgjande: (Prosentdel som har svart "2-3 timar" eller fleire).



Det er tydeleg at ungdommar på internat bruker mindre skjerm enn ungdommar som bur heime eller på hybel. I tillegg er ungdommar på interant i større grad enn ungdommar som bur heime eller på hybel saman med venner i fritida sin, (Figur 21).

Figur 21: Her blir det nemnt ein del aktivitetar som du kan bruke fritida di til. Tenk tilbake på den siste veka (dei siste 7 dagane). Kor mange gongar har du ... (Prosentdel som har svart «1 gong» eller fleire).



Organisert fritid, trening og fysisk aktivitet


Organisasjonar, klubbar, lag og foreiningar er viktige arenaer for samvær med andre unge og gir andre erfaringar og læringsvilkår enn skulen og meir uformelle situasjonar. På sitt beste gir organisasjonane gode og varierte opplevingar og gir ungdommane moglegheiter til å utvikle evnene sine og trening i å fungere i ein fellesskap, ytre eigne meiningar og jobbe målretta²¹.

Ungdata viser at dei aller fleste barn og unge har delteke i eller vore innom ulike typar organiserte fritidsaktivitetar gjennom oppveksten.

Berre 11 % aldri har vore med i organiserte fritidsaktivitetar, og her er det ingen signifikante skilnadar mellom ungdommar som bur heime, på hybel eller internat. Ungdommar på internat deltek i organiserte fritidsaktivitetar no i større grad enn ungdom som bur heime eller på hybel. Det er liten til ingen skilnadar mellom ungdom på hybel og ungdom som bur heime. (Figur 22).

Nokon er innom i kort tid, andre vel å slutte i ungdomsåra og andre held på langt inn i tenåra og vaksenlivet. Nasjonale tal frå Ungdata viser at det frå rundt 2018 har vore ein markert nedgang i andelen som seier at dei er med på organiserte fritidsaktivitetar. Pandemien medverka noko til nedgangen²².

Figur 22: Er du, eller har du tidlegare vore, med i nokon organisasjonar, klubbar, lag eller foreiningar etter at du fylte 10 år?




²¹ Nøkkeltalsrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen

²² Nøkkeltalsrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen.

Ungdata viser skilnad på kva type faste fritidsaktivitetar som ungdom deltar i. Ungdommar som bur på internat deltek i størst grad i aktivitet mm. innanfor alle kategoriar, og det er markant fleire ungdommar på internat som er med på aktivitetar i ein religiøs foreining, i korps, kor, orkester og fritidsklubb/ungdomshus/ungdomsklubb.

Det er litt færre ungdommar på hybel som deltek på aktivitetar i eit idrettslag enn ungdommar som bur heime. Til gjengjeld er det litt fleire ungdommar på hybel som deltek på aktivitetar i fritidsklubb/ungdomshus/ungdomsklubb og anna organisasjon, lag eller foreining enn ungdommar som bur heime. (Figur 23).

Figur 23: Kor mange gongar den siste månaden har du vore med på aktivitetar, møte eller øvingar i følgjande organisasjonar, klubbar eller lag? (Prosentdel som har svart «1 gong» eller fleire).




Ungdata viser at dei fleste ungdommar trenar, men det er stor variasjon i kva for treningsaktivitetar dei driv med. Det er berre rundt 10 % som aldri eller sjeldan trenar. Figur 24 viser at det er flest ungdommar på internat (40 %) som trenar eller konkurrerer i eit idrettslag, dernest kjem ungdommar som bur heime (32 %). Det er færrest ungdommar på hybel (27 %) som trenar eller konkurrerer i eit idrettslag.

Når det gjeld trening på treningsstudio er det ikkje signifikant skilnadar mellom ungdommar på hybel og internat, men det flest ungdommar som bur heime som trenar på treningsstudio.

Det er lite til ingen signifikant skilnadar når det gjeld kor mange som trenar på eigen hand eller ved anna organisert trening.


Figur 24: Kor ofte trenar du eller driv du med følgende aktivitetar? (Prosentdel som har svart «én gong i veka» eller oftare).




Samfunnsengasjement

Det er ingen signifikante skildnadar mellom ungdommar som bur på hybel, heime eller på internat når det gjeld kor mange som er interessert i politikk og samfunnsspørsmål. I tillegg er det lite til ingen skildnadar i deltaking i ulike politiske aktivitetar og i kor mange som bekymrar seg for klimaendringar.


Figur 25: Kor interessert er du i politikk og samfunnsspørsmål? (Prosentdel som har svart «svært interessert» eller «ganske interessert»).



Figur 26: Har du gjort, eller vore med på, nokon av dei aktivitetane som er nemnde under? (Prosentdel som har svart «ja»).



Figur 27: I kva grad bekymrar du deg for klimaendringar? (Prosentdel som har svart «ganske bekymra» eller «veldig bekymra»).




Helse og psykisk helse

Ungdomstida er ein periode med store forandringar, både kroppsleg og mentalt. Puberteten er ei tid der mange begynner å få kjensler overfor seg sjølve og andre som dei ikkje hadde som barn. For mange er dette ei spennande tid der dei får nye erfaringar, utviklar seg sosialt og prøver ut ting dei aldri har gjort før. Samstundes er tenåra ein periode der stadig fleire opplever ulike former for psykiske helseplager, og der vonde tankar og kjensler vil kunne prege korleis dei fungerer i kvardagslivet. Det er generelt større fokus på helse i dag enn tidlegare, samstundes har vi sannsynlegvis blitt flinkare til å kjenne etter korleis vi har det, og dette kan påverke korleis ein vurderer sin eigen helsesituasjon²³.

Ungdata viser at mange unge er nøgde med si eiga helse, men det er fleire ungdommar som bur heime (63 %) og ungdommar på internat (64 %) som svarte at dei er nøgde med eiga helse enn ungdommar som bur på hybel (56 %). (Figur 28).


Figur 28: Kor fornøgd eller misfornøgd er du med ulike sider ved livet ditt? (Prosentdel som har svart «litt fornøgd» eller «svært fornøgd»).



²³ Nøkkeltalrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen

Blant ungdommar som bur på hybel, internat og heime er det lite til igjen signifikante skilnadar i kor mange ungdommar som svarte at dei har problem med å sovne. Det same gjeld i kor mange som har vore så søvnig/trøyt at det har gått ut over skule eller fritid, sjå Figur 29.

Figur 29: I løpet av den siste veka (dei siste 7 dagane), kor mange dagar har du ... (Prosentdel som har svart «3 dagar eller fleire»).




Figur 30 syner at det er litt fleire ungdommar som bur på hybel og heime enn ungdommar på internat som svarte at dei ofte har hovudverk. Det er ingen signifikante skilnadar mellom de tre gruppene i kor mange som har andre fysiske plager (t.d.. kvalme, vindt i magen, smerter i ledd/nakke/musklar).

Figur 31 viser svara knytt til ulike helseplager. Ikkje alle skilnadar er signifikante, men det er signifikant fleire ungdommar på hybel enn ungdommar som bur heime som kjenner seg einsam. Det er og signifikant fleire ungdommar på hybel enn ungdommar som bur heime eller på internat som er plaga av søvnproblema eller kjenner håplausheit med tanke på framtida.


Det er signifikant færre ungdommar på internat som har følt at alt er eit slit og bekymra seg for mykje om ting enn ungdommar som bur heime eller på hybel.

Det er ingen signifikante skilnadar i kor mange som har kjent seg ulykkeleg, trist eller deprimert.

Figur 30: Har du hatt nokon av desse plagene i løpet av siste månad? (Prosentdel som har svart «mange gongar» eller «dagleg»).




Figur 31: Har du i løpet av den siste veka vore plaga av noko av dette: (Prosentdel som har svart «ganske mykje plaga» eller «veldig mykje plaga»).




Figur 32 syner at det er 78 % av ungdommane som har nokon å prate med dersom dei kjenner seg utanfor eller trist og treng ein å snakke med, og det er ingen signifikante skilnadar mellom gruppene.

Figur 32: Dersom du kjenner deg utanfor eller trist og treng ein å snakka med, har du nokon du kan prate med (Prosentdel som har svart «Ja»).




Om lag 30 % av alle elevar i vidaregåande skule har i løpet av det siste året brukt helsesjukepleiar på skulen og 16 % har brukt helsestasjon for ungdom. Ungdommar på hybel bruker helsesjukepleiar meir enn ungdommar som bur heime, og ungdommar på hybel bruker helsestasjon for ungdommar meir enn både ungdommar som bur heime og på internat. Det er ingen signifikante skilnadar i bruk av psykolog. (Figur 33).

Figur 33: Kor mange gongar har du brukt følgande helsetenester dei siste 12 månadene? (Prosentdel som har svart «minst éin gong»).



Om lag halvparten av elevar i vidaregåande skule i Vestland opplever at helsesjukepleier er tilgjengeleg når dei treng hjelp, tala er litt lågare for ungdom som bur på internat. (Figur 34).

Figur 34: I kva grad er helsesjukepleiar (helsesøster eller helsebror) tilgjengeleg når du treng hjelp? (Prosentdel som har svart «i svært stor grad» eller «i nokså stor grad»). Spørsmålet er berre stilt til dei som har svart «ja» på at det finst ei helsesøster/-sjukepleiar på skulen.




Mobbing og trakassering

Det er heldigvis ein mindre del av ungdommane som opplever mobbing og trakassering.

Det er ingen signifikante skilnadar mellom ungdommar på hybel, internat og dei som bur heime i kor mange som blir ramma av mobbing (plaging, truslar eller utfrysing) av andre unge på skulen eller i fritida.


Figur 35: Blir du sjølv utsett for plaging, truslar eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida?




Figur 36 syner at hatefulle ytringar er mest utbreidd for ungdommar på internat, der opplever hatefulle ytringar retter den religionen dei tilhøyrar. Dette heng truleg saman med at om lag 65 % av alle som svarar at dei bur på internat går på ein kristen skule, og at ungdommar på internat i større grad tilhøyrer ei religiøs foreining.

Figur 37 syner at det er mest utbreidd at ungdommar på hybel opplever seksuell trakassering.

Figur 36: Tenk på det siste året. Har du opplevd å få hatefulle eller truande kommentarar retter mot ... (Prosentdel som har opplevd hatefulle eller truande kommentarar «av og til» eller oftare).




Figur 37: Har du dei siste 12 månadene blitt utsette for noko av dette på ein måte som du ikkje likte? (Prosentdel som har svart «1 gong» eller fleire).



Rusmiddel


Ungdata viser at alkohol er det vanlegaste rusmiddelet blant ungdom. Det er signifikant litt fleire ungdommar på hybel som drikk alkohol jamleg eller kvar veke (44 %) enn ungdommar som bur heime (38 %) eller på internat (15 %). Det er markant fleire ungdommar på internat (63 %) som aldri drikk alkohol eller berre har smakt nokkre få gongar, (Figur 38). Dette heng truleg saman med at om lag 65 utsett% av alle som svarar at dei bur på internat går på ein kristen skule, og at ungdommar på internat i større grad tilhøyrrer ei religiøs foreining.

Figur 38: Hender det at du drikk nokon form for alkohol?




Resultata viser at det er flest ungdommar på hybel (23 %) som snuser kvar veke eller dagleg. Likeså er det flest ungdommar på hybel (8 %) som røyker sigarettar kvar veke eller dagleg.

Figur 39: Brukar du snus?




Figur 40: Røyker du sigarettar?



Resultata viser at det er signifikant noko fleire ungdommar på hybel (18 %) som har brukt hasj eller marihuana «1 gong» eller fleire det siste året.


Figur 41: Kor mange gongar har du brukt hasj eller marihuana det siste året (dei siste 12 månadene)? (Prosentdel som har svart «1 gong» eller fleire).



Tilbakemelding på undersøkinga

Tilbakemeldinga på undersøkinga viser at elevar i vidaregåande skule i Vestland generelt opplever at undersøkinga gir eit godt bilete av korleis dei har det (88 %) og at dei svarar ærleg på undersøkinga (98 %). Det er ingen til nokre skildnadar i tilbakemeldinga på undersøkinga frå ungdommar som bur på hybel, internat eller heime. Berre på spørsmål om undersøkinga si lengde, er det signifikant færre ungdom på internat som synes undersøkinga var altfor lang.

Figur 42: Heilt til slutt vil vi gjerne høyre kva du synest om å vere med i denne ungdomsundersøkinga? (Prosentdel som har svart «stemmer svært godt» eller «stemmer nokså godt»).



Kjelder

- Vestland fylkeskommune
 - SI 32/2024 Møte i hovudutvalet for opplæring og kompetanse den 22. mai 2024: [Utvalgsmøte](#)
- Ungdata
 - www.ungdata.no
 - Nøkkeltalrapport: Ungdata 2024, Vestland, Resultat Vidaregåande. Ungdatasenteret i samarbeid med KORUS Bergen
 - www.ungdata.no/publiseringsregler/
- Uttale til NRK 19. okt. 2024 frå professor i pedagogikk Thomas Nordahl ved Høgskulen i Innlandet: https://www.nrk.no/innlandet/forsker-om-skoledebatten_-_-gar-relativt-bra-med-de-som-bor-pa-hybel-1.17089876
- Nord Universitet, 2017, «Helsesøsteren - en nøkkelperson for hybelboere»: <https://utdanningsforskning.no/artikler/2017/helsesosteren---en-nokkelperson-for-hybelboere/>
- Saksframlegg frå Innlandet fylkeskommune «Ny skule- og tilbudsstruktur – kunnskapsgrunnlag, kriteria og politisk prosess» frå 29.01.2024: [saksframlegg-hovetutv-7feb24.pdf](#)
- Zigne, Aardal & Berglund, 2021, <https://aardal.info/zigne-hva-er-signifikanstesting/>
- ordbokene.no
- www.framnes.vgs.no/
- www.forde.vgs.no/
- www.sogndal.vgs.no/
- www.sygna.no/
- www.vossgymnas.vgs.no/
- www.voss.vgs.no/
- www.firda.vgs.no/
- www.maloy.vgs.no/
- www.kongshaug.no/
- www.austevoll.vgs.no/

Tabell- og figuroversikt

Tabellar:

| | |
|--|----|
| Tabell 1: Fordeling av svar på spørsmålet «Bur du på hybel/internat»..... | 12 |
| Tabell 2: Fordeling av svar på spørsmålet «Bur du på hybel/internat» fordelt på kjønn. Prosent av alle som har svart på spørsmål om kjønn og om de bur på hybel/internat..... | 16 |
| Tabell 3: Fordeling av kjønn forfordelt på svar på spørsmålet «Bur du på hybel/internat». Prosent av alle som har svart på spørsmål om kjønn og om dei bur på hybel/internat. | 16 |
| Tabell 4: Fordeling av svar på spørsmålet «Bur du på hybel/internat» fordelt på klasstrinn. Prosent av alle som har svart på spørsmål om klasstrinn og om dei bur på hybel/internat..... | 17 |
| Tabell 5: Fordeling av klasstrinn fordelt på spørsmålet «Bur du på hybel/internat». Prosent av alle som har svart på spørsmål om klasstrinn og om dei bur på hybel/internat. | 17 |
| Tabell 6: Oversikt over dei 47 vidaregåande skulane som deltok i Ungdata-undersøkinga i Vestland i 2024. | 55 |

Figurar:

| | |
|--|----|
| Figur 1: Fordeling av svar på spørsmålet «Bur du på hybel/internat» fordelt på kommunenivå. Prosent av alle som har svart på undersøkinga. *Kommunar med under 20 ungdom som bur på hybel/internat inngår ikkje i denne oversikta. | 14 |
| Figur 2: Fordeling mellom antal hybelbuar og antal busett på internat i dei seks kommunar med flest busett på hybel/internat. For dei resterande kommunane visast samla antal for ungdom som bur på hybel eller internat. *Kommunar med under 20 ungdom som bur på hybel/internat inngår ikkje i denne oversikta. | 15 |
| Figur 3: Antal ungdom som bur på hybel og internat i Vestland fordelt på studieretning. Verdi under 10 er anonymisert..... | 18 |
| Figur 4: Fordeling av ungdom etter studieretning og bustad. Verdi under 10 er anonymisert. | 18 |
| Figur 5: Tenk på korleis du har hatt det siste veka, kvar ofte har du... (Prosentandel som har svart «heile tida» eller «ofte»). | 19 |
| Figur 6: Tenk deg ein skala som går 0 til 10. Toppen av skalaen (10) står for det best moglege livet for deg og nedst (0) er det verst moglege livet for deg. Generelt sett, kor står du på denne skalaen no for tida? (Prosentdel som har svart svaralternativ «6» eller høgare)..... | 20 |
| Figur 7: Er du samd eller usamd i det som står under? (Prosentdel som har svart «heilt samd» eller «litt samd»). | 20 |
| Figur 8: Kor godt passar det som står under for foreldra dine eller føresette? (Prosentdel som har svart «passar svært godt» eller «passar ganske godt»)..... | 22 |
| Figur 9: Har du minst éin venn som du kan stol fullstendig på og kan fortru deg til om alt mogleg? ... | 23 |

| | |
|--|----|
| Figur 10: Har du nokon å vere saman med på fritida og i friminutta? (Prosentdel som har svart «ja, alltid» eller «ja, som regel»). | 23 |
| Figur 11: Er du samd eller usamd i følgande utsegn om korleis du har det på skulen? (Prosentdel som har svart «heilt samd» eller «litt samd»). | 24 |
| Figur 12: Eg blir stressa av skulearbeid (Prosentdel som har svart "ofte" eller "svært ofte"). Ikkje signifikant. | 25 |
| Figur 13: Korleis trur du at framtida din vil bli? Trur du at du ... (Prosentdel som har svart "ja"). | 25 |
| Figur 14: Kor fornøgd eller misfornøgd er du med ulike sider ved livet ditt? (Prosentdel som har svart "litt fornøgd" eller "svært fornøgd"). | 26 |
| Figur 15: Kor godt trivst du i nærområdet der du bur? | 27 |
| Figur 16: I kva grad kjenner du at du høyrer til på staden der du bur? (Prosentdel som har svart svaralternativ «6» eller høgare). | 27 |
| Figur 17: Tenk på områda rundt der du bur. Korleis opplever du at tilbodet til ungdom er når det gjeld ... (Prosentdel som har svart "svært bra" eller "nokså bra"). | 28 |
| Figur 18: Når du er ute om kvelden, opplever du det som trygt å vere i nærområdet der du bur? | 29 |
| Figur 19: Kan du tenke deg å bu i kommunen din når du blir vaksen? (Prosentdel som har svart "Ja"). | 29 |
| Figur 20: Tenk på ein gjennomsnittsdag. Kor lang tid bruker du på følgande: (Prosentdel som har svart "2-3 timar" eller fleire). | 31 |
| Figur 21: Her blir det nemnt ein del aktivitetar som du kan bruke fritida di til. Tenk tilbake på den siste veka (dei siste 7 dagane). Kor mange gongar har du ... (Prosentdel som har svart «1 gong» eller fleire). | 32 |
| Figur 22: Er du, eller har du tidlegare vore, med i nokon organisasjonar, klubbar, lag eller foreiningar etter at du fylte 10 år? | 33 |
| Figur 23: Kor mange gongar den siste månaden har du vore med på aktivitetar, møte eller øvingar i følgande organisasjonar, klubbar eller lag? (Prosentdel som har svart «1 gong» eller fleire). | 34 |
| Figur 24: Kor ofte trenar du eller driv du med følgande aktivitetar? (Prosentdel som har som har svart «éin gong i veka» eller oftare). | 35 |
| Figur 25: Kor interessert er du i politikk og samfunnsspørsmål? (Prosentdel som har svart «svært interessert» eller «ganske interessert»). | 37 |
| Figur 26: Har du gjort, eller vore med på, nokon av dei aktivitetane som er nemnde under? (Prosentdel som har svart «ja»). | 37 |
| Figur 27: I kva grad bekymrar du deg for klimaendringar? (Prosentdel som har svart «ganske bekymra» eller «veldig bekymra»). | 37 |
| Figur 28: Kor fornøgd eller misfornøgd er du med ulike sider ved livet ditt? (Prosentdel som har svart «litt fornøgd» eller «svært fornøgd»). | 38 |
| Figur 29: I løpet av den siste veka (dei siste 7 dagane), kor mange dagar har du ... (Prosentdel som har svart «3 dagar eller fleire»). | 39 |
| Figur 30: Har du hatt nokon av desse plagene i løpet av siste månad? (Prosentdel som har svart «mange gongar» eller «dagleg»). | 40 |
| Figur 31: Har du i løpet av den siste veka vore plaga av noko av dette: (Prosentdel som har svart «ganske mykje plaga» eller «veldig mykje plaga»). | 40 |
| Figur 32: Dersom du kjenner deg utanfor eller trist og treng ein å snakka med, har du nokon du kan prate med (Prosentdel som har svart «Ja»). | 41 |
| Figur 33: Kor mange gongar har du brukt følgande helsetenester dei siste 12 månadene? (Prosentdel som har svart «minst éin gong»). | 41 |

| | |
|--|----|
| Figur 34: I kva grad er helsesjukepleiar (helsesøster eller helsebror) tilgjengeleg når du treng hjelp? (Prosentdel som har svart «i svært stor grad» eller «i nokså stor grad»). Spørsmålet er berre stilt til dei som har svart «ja» på at det finst ei helsesøster/-sjukepleiar på skulen..... | 42 |
| Figur 35: Blir du sjølv utsett for plaging, truslar eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida?. | 43 |
| Figur 36: Tenk på det siste året. Har du opplevd å få hatefulle eller truande kommentarar retter mot ... (Prosentdel som har opplevd hatefulle eller truande kommentarar «av og til» eller oftare). | 44 |
| Figur 37: Har du dei siste 12 månadene blitt utsette for noko av dette på ein måte som du ikkje likte? (Prosentdel som har svart «1 gong» eller fleire). | 45 |
| Figur 38: Hender det at du drikk nokon form for alkohol? | 46 |
| Figur 39: Brukar du snus? | 47 |
| Figur 40: Røyker du sigarettar?..... | 47 |
| Figur 41: Kor mange gongar har du brukt hasj eller marihuana det siste året (dei siste 12 månadene)? (Prosentdel som har svart «1 gong» eller fleire). | 48 |
| Figur 42: Heilt til slutt vil vi gjerne høyre kva du synest om å vere med i denne ungdomsundersøkinga? (Prosentdel som har svart «stemmer svært godt» eller «stemmer nokså godt»)..... | 49 |
| Figur 43: Fordeling av ungdommar som har svart at de bur på hybel eller internat delt på de 47 vidaregåande skuler som deltok i undersøkinga. Skuler i topp 10 for flest ungdommar bur på hybel eller internat er farget lilla. Lys lilla for skular der ungdommen primært bur på internat, og mørk lilla for skular der ungdommen primært bur på hybel. Skuler farget grå har under 60 ungdommar som bur på hybel eller internat..... | 57 |

Vedlegg

Vedlegg 1 – Skuleoversikt med svarprosent

Vedlegg 2 – Skular med hybel/internat i Vestland

Vedlegg 1 – Skuleoversikt med svarprosent

Under er ei oversikt over dei vidaregåande skulane som deltok i Ungdata-undersøkinga i Vestland i 2024. Oversikta inneheld samla elevtal som skulen har opplyst skal delta i undersøkinga og svarprosent på kor mange som deltok. Lista er alfabetisk etter kommunenamn.

Private vidaregåande skular er markert med stjerne (*).

Tabell 6: Oversikt over dei 47 vidaregåande skulane som deltok i Ungdata-undersøkinga i Vestland i 2024.


| Namn | Svarprosent | Samla elevtal | Kommune |
|---|-------------|---------------|---------------|
| Knarvik vidaregåande skule | 75 % | 800 | Alver |
| Askøy vidaregåande skule | 73 % | 571 | Askøy |
| Hop vidaregåande skule AS * | 72 % | 80 | Askøy |
| Austevoll vidaregåande skule | 67 % | 208 | Austevoll |
| Austrheim vidaregåande skule | 71 % | 212 | Austrheim |
| Amalie Skram vidaregåande skule | 81 % | 1025 | Bergen |
| Stend vidaregåande skule | 71 % | 481 | Bergen |
| Slåtthaug vidaregåande skule | 70 % | 423 | Bergen |
| Olsvikåsen vidaregåande skule | 70 % | 525 | Bergen |
| Bergen katedralskule | 65 % | 686 | Bergen |
| Nordahl Grieg vidaregåande skule | 63 % | 960 | Bergen |
| St. Paul gymnas * | 62 % | 350 | Bergen |
| Tertnes vidaregåande skule | 62 % | 514 | Bergen |
| Sandsli vidaregåande skule | 61 % | 480 | Bergen |
| Laksevåg og Bergen | 60 % | 397 | Bergen |
| Arna vidaregåande skule | 59 % | 234 | Bergen |
| Fyllingsdalen vidaregåande skule | 57 % | 479 | Bergen |
| Åsane vidaregåande skule | 55 % | 833 | Bergen |
| Langhaugen vidaregåande skule | 52 % | 620 | Bergen |
| Årstad vidaregåande skule | 37 % | 770 | Bergen |
| Hyssingen Produksjonsskule | 35 % | 23 | Bergen |
| Os gymnas | 83 % | 156 | Bjørnafjorden |
| Fusa vidaregåande skule | 72 % | 276 | Bjørnafjorden |
| Os vidaregåande skule | 71 % | 466 | Bjørnafjorden |
| Kongshaug Musikkgymnas * | 61 % | 119 | Bjørnafjorden |
| Bømlo vidaregåande skule | 60 % | 353 | Bømlo |
| Fitjar vidaregåande skule | 64 % | 163 | Fitjar |
| Dale vidaregåande skule | 97 % | 157 | Fjaler |

| | | | |
|---|------|-----|------------|
| Firda vidaregåande skule | 89 % | 247 | Gloppen |
| Høyanger vidaregåande skule | 86 % | 87 | Høyanger |
| Måløy vidaregåande skule | 85 % | 308 | Kinn |
| Flora vidaregåande skule | 80 % | 419 | Kinn |
| Kvam vidaregåande skule | 77 % | 191 | Kvam |
| Framnes Kristne vidaregåande skule * | 74 % | 267 | Kvam |
| Kvinnherad vidaregåande skule | 74 % | 344 | Kvinnherad |
| Osterøy vidaregåande skule | 77 % | 180 | Osterøy |
| Sygna vidaregåande skule * | 80 % | 142 | Sogndal |
| Sogndal vidaregåande skule | 72 % | 680 | Sogndal |
| Eid vidaregåande skule | 81 % | 285 | Stad |
| Stord vidaregåande skule | 73 % | 662 | Stord |
| Stryn vidaregåande skule | 86 % | 245 | Stryn |
| Førde vidaregåande skule | 77 % | 920 | Sunnfjord |
| Odda vidaregåande skule | 82 % | 178 | Ullensvang |
| Voss vidaregåande skule | 79 % | 380 | Voss herad |
| Voss gymnas | 77 % | 510 | Voss herad |
| Sotra vidaregåande skule | 57 % | 724 | Øygarden |
| Årdal vidaregåande skule | 81 % | 154 | Årdal |

Vedlegg 2 – Skular med hybel og internat i Vestland

I alt har 1784 ungdommar svart at de bur på hybel eller internat. De fordeler seg stort sett ut over alle de 47 vidaregåande skuler som deltok i undersøkinga. Sjå Figur 43. Under er ei oversikt over topp 10 skular med flest ungdommar som bur på hybel eller internat.

Figur 43: Fordeling av ungdommar som har svart at de bur på hybel eller internat delt på de 47 vidaregåande skuler som deltok i undersøkinga. Skular i topp 10 for flest ungdommar bur på hybel eller internat er farget lilla. Lys lilla for skular der ungdommen primært bur på internat, og mørk lilla for skular der ungdommen primært bur på hybel. Skular farget grå har under 60 ungdommar som bur på hybel eller internat.



Framnes Kristne vidaregåande skule²⁴ er ein av to vidaregåande skular i Kvam herad. Framnes er ein privat internatskule med 267 elevar. Stort sett alle elevane bur på internat på skulen. Skulen tilbyr studiespesialisering og idrettsfag, og skriv på sin nettsida at det på Framnes er eit godt kristent fellesskap.

Totalt er det 172 elevar i kommunen som har svart at de bur på internt og under 20 har svart at de bur på hybel, det svarar til 53 % av elevane i kommunen som svarte på undersøkinga.

Om lag 34 % av alle som har svart at de bur på internat i Vestland går på Framnes Kristne vidaregåande skule.

Førde vidaregåande skule²⁵ er den einaste vidaregåande skulen i Sunnfjord kommune. Skulen er geografisk todelt, med skuledrift på Mo og i Førde sentrum, og har totalt har 920 elevar. Skulen tilbyr mange ulike utdanningsprogram fordelt på både studieførebuande og yrkesretta utdanningsprogram. Skulen har tilbod om internat med 60 hyblar på Mo.

Totalt er det 30 elevar i kommunen som har svart at dei bur på internat og 103 har svart at dei bur på hybel, det svarar til 19 % av elevane i kommunen som svarte på undersøkinga.

Om lag 8 % av alle som har svart at de bur på hybel i Vestland går på Førde vidaregåande skule.

Sogndal vidaregåande skule²⁶ i Sogndal sentrum er ein av to vidaregåande skular i Sogndal kommune. Sogndal vidaregåande skule har 680 elevar og tilbyr mange ulike utdanningsprogram fordelt på både yrkes- og studiespesialiserande fag. Om lag 1 av 4 av elevane på Sogndal vidaregåande skule bur på hybel.

Sygna vidaregåande skule²⁷ i Balestrand er den annan av de to vidaregåande skular i Sogndal kommune. Sygna er ein kristen friskule med offentleg godkjenning med eksamensrett til 142 elevar. Stort sett alle elevane bur på internat på skulen, og nokon elevar bur heime. Skulen tilbyr studiespesialisering, kunst, design og arkitektur, helse- og oppvekstfag, idrettsfag og påbygging til generell studiekompetanse.

Totalt er det 94 elevar i Sogndal kommune som har svart at dei bur på internat og 128 har svart at dei bur på hybel, det svarar til 36 % av elevane i kommunen som svarte på undersøkinga.

Om lag 10 % av alle som har svart at de bur på hybel i Vestland går på Sogndal vidaregåande skule. Om lag 18 % av alle som har svart at de bur på internat i Vestland går på Sygna vidaregåande skule.

Voss gymnas²⁸ er ein av to vidaregåande skular i Voss herad. Voss gymnas har 510 elevar og tilbyr ulike utdanningsprogram fordelt både på studieførebuande og yrkesretta utdanningsprogram.

Voss vidaregåande skule²⁹ er den annan av de to vidaregåande skular i Voss herad. Voss vidaregåande skule har 380 elevar fordelt på fem utdanningsprogram fordelt på både yrkes- og studiespesialiserande fag og arbeidstrening. Elevar frå begge skular får tilbod om internat med eige hybelrom på Rogne det er kort veg til begge skulane.

²⁴ www.framnes.vgs.no

²⁵ www.forde.vgs.no

²⁶ www.sogndal.vgs.no

²⁷ www.sygna.no

²⁸ www.vossgymnas.vgs.no

²⁹ www.voss.vgs.no

Totalt er et 213 elevar i Voss herad som har svart at de bur på internt eller hybel, det svarar til 31 % av elevane i kommunen som svarte på undersøkinga.

Om lag 14 % av alle som har svart at de bur på hybel i Vestland går på Voss gymnas eller Voss vidaregåande skule.

Firda vidaregåande skule³⁰ er den einaste vidaregåande skule i Gloppen kommune. Skulen har 247 elevar og er kjent som ein hybel skule. Skulen tilbyr studiespesialisering, musikk, dans og drama og idrettsfag.

Totalt er det 116 elevar i kommunen som har svart at de bur på hybel/internt, det svarar til 53 % av elevane i kommunen som svarte på undersøkinga.

Om lag 9 % av alle som har svar at de bur på hybel i Vestland går på Firda vidaregåande skule.

Måløy vidaregåande skule³¹ er ein av to vidaregåande skular i Kinn kommune. Den annan er *Flora vidaregåande skule*. Måløy har 308 elevar og tilbyr ulike utdanningsprogram fordelt på både yrkes- og studiespesialiserande fag. Om lag 1/3 av elevane på Måløy vidaregåande skule er hybelbuarar.

Totalt er det 125 elevar i kommunen som har svar at de bur på hybel/internat, det svarar til 21 % av elevane i kommunen som svarte på undersøkinga.

Om lag 6 % av alle som har svart at de bur på hybel i Vestland går på Måløy vidaregåande skule.

Kongshaug musikkgymnas³² er en kristen vidaregåande internatskule i Bjørnefjorden kommune med 119 elevar. Stort sett alle elevane bur på skulens område i ulike internat. Skulen tilbyr studieretninga "Musikk, dans, drama" med generell studiekompetanse.

Bjørnefjorden kommune har fire vidaregåande skular. Totalt er det 73 elevar i kommunen som har svart at de bur på internat og 83 har svart at de bur på hybel, det svarar til 21 % av elevane i kommunen som svarte på undersøkinga.

Om lag 14 % av alle som har svart at de bur på internat i Vestland går på Kongshaug Musikkgymnas.

Austevoll vidaregåande skule³³ er den einaste vidaregåande skule i Austevoll kommune. Skulen har totalt har 208 elevar. Skulen tilbyr mange ulike utdanningsprogram innan naturbruk og teknologi- og industrifag.

Totalt er det 68 elevar i kommunen som har svart at de bur på hybel, det svarar til 49 % av elevane i kommunen som svarte på undersøkinga.

Om lag 5 % av alle som har svart at de bur på hybel i Vestland går på Austevoll vidaregåande skule.

³⁰ www.firda.vgs.no

³¹ www.maloy.vgs.no

³² www.kongshaug.no

³³ www.austevoll.vgs.no

